

# Årsmelding 2020 - Kommunestyregruppa Kinn Arbeidarparti

## 1.0 Kommunestyregruppa Arbeidarpartiet i Kinn

### 1.1 Faste medlemar i gruppa:

Ola Teigen, Silje Ødegård Standal, Tove Lill Refvik Volle, Ronny Cassells, Lars Terje Standal, Anders Ole Sunnarvik, Bente Nygård, Petter Refsnes, Kim Gunnar Jensen, Leif Magne Gil

### 1.2 Vara som har møtt:

Stine Kråkenes Øvrelid, Doris Christensen, Inger Strand Kvalheim og Åge Larsen.

## 2.0 Formannskapet:

Ola Teigen  
Silje Ødegård Standal  
Tove Lill Refvik Volle

## 3.0 Oppvekst- og kulturutvalet:

Leif Magne Gil (leiar)  
Doris Christensen

## 4.0 Helse, sosial- og omsorgsutvalet:

Ronny Cassells (leiar våren 2020, 1.nestleiar hausten 2020)  
Stine Kråkenes Øvrelid

## 5.0 Plan, miljø- og næringsutvalet.

Lars Terje Standal (nestleiar våren 2020, 2.nestleiar hausten 2020)  
Bente Nygård

## 6.0 Samferdsleutvalet

Kim Gunnar Jensen (hausten 2020)

## 7.0 Administrasjonsutvalet

Anders Ole Sunnarvik (leiar)

## 8.0 Kontrollutvalet:

Bente Frøyen Steinda( våren 2020)  
Helen Hjertaas (hausten 2020)

## 9.0 Politisk samarbeid:

Våren 2020 hadde vi framleis samarbeid med MDG, Sv og Sp.

Samarbeidet med Sp var like utfordrande som det var hausten 2019. Vi opplevde stadige omkampar, spørsmål om saker som ein har hatt ein gjennomgang av opptil fleire gongar tidlegare og mykje fram og tilbake om kva dei kom til å stemme i dei ulike sakene.

Våren 2020 hadde vi eit felles gruppemøte med Sp si kommunestyregruppe for å prøve å betre samarbeidet. Vi hadde og fleire møter med leiinga i Kinn Sp for å bli samde om korleis vi skulle arbeide vidare med dei ulike sakene. Diverre klarte vi ikkje å få samarbeidet til å fungere. Samarbeidet med dei to andre parti har vore godt heile perioden.

Vi vart kontakta av Kinn V og Kinn H som ynskte at vi skulle vurdere eit fleirtalssamarbeid med dei. Då vi såg at vi ikkje kom i mål med revidert budsjett saman med Sp, gjekk vi i samtalar med H og V for å levere budsjett saman med dei. Etter revidert budsjett hadde vi møter gjennom sommaren og tidleg haust. Vi lagde ein samarbeidsavtale og fordelte ulike verv. Vi såg at vi måtte legge ned alle utvala og opprette dei på ny for å sikre oss fleirtal i utvala.

I formannskapet er vi i mindretal då formannskapet si samansetning ligg fast for heile perioden. Hausten 2020 har vi hatt eit godt samarbeid med V og H. Vi har eit felles mål om at vi ynskjer Kinn kommune vel.

## **10.0 Arbeidsorden:**

Det har som regel vore gruppemøte i forkant av kommunestyremøter og/eventuelt formannskapsmøter/utvalsmøter.

Nesten alle gruppemøta i Kinn Ap har vore digitale. Før koronaen kom til landet hadde vi oppmøte i Florø og Måløy. Etter korona har vi hatt nesten alle gruppemøter digitalt. Det har budd på litt utfordringar i starten, men etterkvart var dette ei møteform som vi set stor pris på. Vi sparar både tid og pengar, noko som alltid er positivt. Det einaste negative er at det blir færre sosiale treffpunkt. I 2020 har vi hatt 28 gruppemøte, gruppestyremøte, eit felles gruppemøte med Kinn Sp og fleire møter med leiinga i Kinn Sp

## **11.0 Anna arbeid:**

## **12.0 Viktige saker er:**

- Samferdsel:
  - Tilrettelagt slik at dei som pendlar til Florø med båt får første prioritet på sentrumsbarnehagen (Nepjarhaugen).
  - Ny rute med kystvegekspressen med avgang Florø 08:30, retur frå Måløy 10:20.
  - Jobba med det kommande båtanbod med oppstart 2024.
  - Jobba med tilrettelegging av flyruter på Florø lufthavn for best mulig korrespondansar med båtruter. Fått på plass 7-avgangen til Oslo igjen, som korresponderer med kystvegekspressen og båtane i Florøbassenget.
- Administrasjonsutvalet:
  - Arbeid med å få ned sjukefråværet
  - Nedbemanningsplan
  - Tettare samarbeid med lærlingar i kommunen
  - Intern kontroll
- Oppvekst- og kulturutvalet.
  - Skram skule
  - Skulebruksplanen
  - Prioritering av spelemidlar
  - Søskenmoderasjon SFO
  - Tilbod om ferie-SFO i heile kommunen.
  - Sommaropne barnehagar i heile kommunen
  - Drift av Bua i Måløy
- Helse, sosial- og omsorgsutvalet
  - Planlegging av nye sjukeheimspllassar på sjukehustomta.
  - Koronapandemien har tatt opp mykje av ressursane i 2020

- Plan, miljø- og næringsutvalet.
  - Arbeid med reguleringsplanar og overordna planar. Det har vore arbeidd særleg mykje med dette grunna gamle og utdaterte planar i tidlegare Vågsøy kommune.
  - Gartnerihagen
  - Byggeskikkspisen

Andre viktige saker:

- Økonomimeldingar, budsjett.
- Brannstasjon i Måløy
- Hovudbrannstasjon i Florø
- Nytt administrasjonsbygg
- Nordfjordbadet

Kinn 12.02.2021

Ola Teigen  
Ordførar

Silje Ødegård Standal  
Gruppeleiar